



Stavanger, 8. august 2013

Hei alle!

Velkommen tilbake etter sommarferien! Håpar de alle har hatt det fint.

Det nærmar seg sommarmøte og sommarkonferanse i Stavanger. Det skjer på Radisson Park Inn Hotel (Tidl. KNA-hotellet) på Lagårdsveien 30. og 31. august. Møtet i Rogaland og Agder Redaktørforening går av stabelen i forkant av konferansen, med følgjande program:

12.00: Lunsj.

13.00: "Er vi alle i Borgen nå?"

Den danske tv-serien "Borgen" (visstnok Jens Stoltenbergs favorittserie) handlar om samspelet mellom makthavarar, media, rådgivarar og "spin-doctors" i moderne politikk. Er det blitt "danske tilstandar" også hos oss? Blir politikken i stadig større grad ein arena for dei profesjonelle operatørane? Kva konsekvensar får i så fall dette for politikken vilkår og forholdet mellom politikarar og media?

Til å debattera dette har me fått eit framifrå panel:

Bent Høie (nestleiar i Høgre), **Jan-Erik Larsen** (tidl. redaktør og statssekretær, nå rådgivar i First House), **Svein Erik Tuastad** (samfunnsvitar ved Universitetet i Stavanger) og **Torunn Egge Roux** (journalist og kommentator i Aftenbladet).

Debattleiar: **Gunnar Kvasheim** (eks-politikar og redaktør i Dalane Tidende)

14.15: Offentlegprosjektet.

Debatt om rapporten "Åpenhet i offentlig eide selskaper" (vedlagt) og diskusjon om vegen vidare.

15.00: Kaffipause.

15.15: Kysten Rundt.

16.00: Nytt frå styret og Norsk Redaktørforening, inkludert spørsmål om studietur til sommaren. Fordi dette er siste dag på jobben for Nils Øy, kjem det ingen representant frå NR sentralt denne gongen, men styret vil formidla eventuelle viktige tema og spørsmål som NR vil ha respons på frå regionforeningane.

Slutt cirka 16.45.

Sommarmøtet, inkludert lunsjen, er **gratis** for deltakarane, men me vil be om ei påmelding til Borghild innan 26. august slik at me veit kor mange som blir med.

Etter sommarmøtet håpar me at flest mogleg vil delta på Sommarkonferansen, som også i år har eit innhaldsrikt og spennande program. Sjekk på nettet: <http://www.sommerkonferansen.no/>
Om du ikkje alt har gjort det, så meld deg på snarast! Prisane som står oppgitt for NJ-medlemmer, gjeld også for medlemmer av Norsk Redaktørforening.

Velkommen til Stavanger!

Beste helsing



**ROGALAND OG AGDER
REDAKTØRFORENING**

Tom, Marianne og Morten